

NotatDato: 10.10.2017
Arkivsak: 2014/15627-44
Saksbehandlar: arvaasi

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Innfartsparkering Arna: Svar til Tom Sverre Tomren

Representanten Tom Sverre Tomren stilte i møte i fylkesutvalet 24.08.2017 følgjande spørsmål:

«Ber om orientering om parkeringssituasjonen og prognoser for parkering i Arna».

Fylkesrådmannen viser til at parkeringsplassane på Arna stasjon ligg under Bane NOR og Jernbanedirektoratet sitt eigarskap og strategi, og fylkeskommunen rår såleis ikkje over denne innfartsparkeringa. Hordaland fylkeskommunen følgjer likevel med utviklinga for innfartsparkering på Arna stasjon, og har vore i dialog med Bane Nor om planane for utvikling framover.

Dagens situasjon (teljing) viser:

Arna ved kirken	2014				2015				2016				2017			
	1kv	2kv	3kv	4kv	1kv	2kv	3kv	4kv	1kv	2kv	3kv	4kv	1kv	2kv	3kv	4kv
Antall parkerte biler	383	383	383	383	383	383	383	383	351	351	343	343	309	309	259	
Antall ledige plasser	70	70	70	70	70	70	70	70	27	27	35	35	40	40	3	
Totalt antall plasser	453	453	453	453	453	453	453	453	378	378	378	378	349	349	223	
Arna ved Øyrane	2014				2015				2016				2017			
	1kv	2kv	3kv	4kv	1kv	2kv	3kv	4kv	1kv	2kv	3kv	4kv	1kv	2kv	3kv	4kv
Antall parkerte biler									134	134	134	134	178	178	208	
Antall ledige plasser									0	0	0	0	19	19	0	
Totalt antall plasser									134	134	134	134	197	197	203	

Tabellen viser resultatene av teljingar fram til og med 3dje kvartal 2017. Det samla talet på plassar vil bli redusert ytterligare samanlikna med dagens situasjon, då plassane ved Øyrane nord for stasjonen vil falle bort. På sør sida av stasjonen mot kyrkja er det ytterligare reduksjon i plassane etter siste teljing blei utført, grunna anleggsverksemd. Bane NOR har førebels ikkje avklart kva det endelege talet på parkeringsplassar vil bli etter utbygging.

Når det gjeld forholdet til *Strategi for innfartsparkering fram mot 2030* (vedteke av fylkestinget mars 2015), så er fylkesrådmannen i dialog både med Bergen kommune og omlandskommunane om utvikling av innfartsparkeringstilbodet i tråd med strategien.